

Varafjell avlastningscenter



Varafjell avlastningscenter

Varafjell avlastningscenter tilbyr deltids avlastning og heilårsavlastning. Det er plass til opp til 10 barn/ unge med samansette funksjonshemmingar. Senteret har 7 soverom og 3 leilegheiter.

Avlastningen er et kommunalt tilrettelagt heildøgns omsorgstilbod.

Antal døgn og timer man får plass på avlastningscenteret avgjørast av avdeling for tenestestyling i form av et enkeltvedtak. Det er dei føresette sjølv som må søkje om avlastning.

Aktivitetar :

På dagtid går borna / ungdommane på skule / i barnehage. Dei som assisterer borna på avlastningen assisterer og borna i skule. Slik kan ein ta ivare tanken om at borna skal forholde seg til så få vaksne som mogleg.

Inne på avlastningen er det rom for forskjellige aktivitetar, både for dei som kan bevege seg sjølv og for dei som treng hjelp. Det er lagt opp til forskjellige aktivitetar til forskjellige tider. Ein kan f.eks. nemne felles aktivitetar som turdag, lesestund, musikkstund, formingsaktivitetar, ballspill, kino og så vidare. Alle borna har mogleik for å gjera andre aktivitetar på eige rom. Ein har to stuer på avlastningen som kan nyttast til forskjellige aktivitetar, i tillegg til eit stort og godt kjøkken.

På ettermiddagen kan avlastningen, i tillegg til eige areal, nytta areala til ressurscenteret, som ligg like ved. Her er det eit stort areal som blant anna kan nyttast til fysisk aktivitet, der er ein ribbevegg å klatra i, sene, sanserom (rødt), og mogleik for kjøkkentrening. Kjøkkenet er spesialtilpassa funksjonshemma, med hev/senk funksjon. Ein nyttar og det kvite sanserommet, som er å finna på dagsenteret på Kuhnle.

Rundt avlastningscenteret og ressurscenteret er det ein stor og tilrettelagt hage. Hagen innbyr til lek og aktivitet., og består av stiar, leikeapparat, sansehage (under planlegging) og mogleik for avslapping. Hagen er delvis skjerma for omverda. I tillegg blir nærområdet nytta til tur og aktivitetar.

Os kommune sine forpliktelsar

1.Os kommune forpliktar seg å sørge for at borna og ungdommane får eit tilbod i samsvar med dei krav til fagleg kvalitet og rettsikring som gis i lov om sosiale tenester med forskrifter mva.

Innhald i tilbodet

Os kommune pliktar å sørge for at bemanninga til ei kvar tid har dei kvalifikasjonar som er naudsynt for å kunne gje born og unge omsorg, tilsyn og det faglege tilbodet dei har krav på iflg. Pkt.1. Dette omfattar og plikt til å fremja det einskilde borns utvikling i samarbeid med føresette og skole eller barnehage. Avlastningssenteret er forplikta til å følgje opp transport mellom skule og avlastning og mellom heim og avlastning.

Personalet si oppgåve er ikkje å tre inn i føresette sin stad, men å fungera som profesjonelle hjelpearar for borna i samarbeid med dei føresette.

Medikamenthandtering

Dersom borna / ungdommane treng medikament fast eller i periodar skal føresette og personale på avlastningssenteret inngå skriftleg avtale om administrasjon av desse. Medikament blir oppbevart utilgjengelig for borna, og kompetent personale administrere medikamenta.

Klede ,sko, leker mva.

Avlastningssenteret tar ansvar for at den einskilde sine personlege egedelar blir haldne i orden. Alle egedelar må vera merka med namn. Klede må kunna vaskast i vaskemaskin. Det er personalet sitt ansvar å i god tid å gje beskjed til føresette dersom borna har trong for meir klede eller anna(eksempelvis medisinsk forbruksmateriell)

Lege, tannlege, spesialisthelseteneste og liknande

Føresette skal sørge for at borna får naudsynt tannlege og helsekontroll årleg. Personalet ved avlastningen kan følgje med ved behov.

Føresette skal stå for oppfølging av borna ved innlegging på sjukehus. Personalet ved avlastningen kan, dersom sjukehuset sine rutinar tillet det, vera med som følgje.

Forsikringsansvar

Os kommune sin ulykkesforsikring omfattar skader borna måtte bli påført under opphald på avlastningssenteret. Det same gjeld på reise til eller frå avlastningssenteret ved fritidsaktivitetar som Os kommune er ansvarleg for.

Personlege egedelar må forsikrast av føresette.

Utstyr som borna / ungdommane eig og som dei sjølv øydelegg må erstattast av føresette.

Normal slitasje på personlege egedelar dekkast av føresette.

Utgifter til opphald

Avlastning er gratis

Dekning av opphaldsutgifter følgjer til ei kvar tid gjeldande retningsliner for eigenbetaling.

Varafjell avlastningssenter kjøper inn mat og generelle toalettartiklar (såpe, sjampo, tannkrem)

Personlege toalettartiklar må den einskilde dekkje sjølv (kremar, spesialsjampo og liknande).

Dersom ein på bakgrunn av allergiar eller anna sjukdom har behov for spesialkost, blir det gjort avtalar med dei pårørande i kvart einskilde høve.

Fritidsaktivitetar

Utgifter til fritidsaktivitetar dekkes av føresette, som om borna hadde budd heime. Det blir gjort avtale om fast innbetaling kvar månad på minimum kr. 500 pr born på deltid avlastning og minimum kr. 1000 på heilårs avlastning. Summen betalast inn den 1. i kvar månad. Det blir ført rekneskap som sendast til føresette til kontroll.

Utgifter til større aktivitetar som føresette ønskjer at borna er med på, (f.eks. sirkus, der må borna dekke billett for seg og ledsager samt transport), må føresette dekkje utanom den faste summen. Utgifter til fritidsaktivitetar og eventuelle utgifter til transport i dette høvet, kan ikkje belastas føresette i større utstrekning enn det er samtykka til.

Dersom borna har fødselsdag når dei er på avlastning, vil dette bli markert med ei enkel fødselsdagsfeiring saman med dei andre borna som er på avlastningen den dagen.

Foreldreansvar og omsorgsansvar

Dei føresette som har fått vedtak om avlastning, deltid eller heilår, har dei same pliktar og rettar ovanfor sine born som andre føresette.

For øvrig blir det forutsatt at føresette så langt som praktisk råd er utøver sitt omsorgsansvar i gjensidig samarbeid med leiar og personale på avlastningssenteret.

Oppgåver som føresette ivaretar

Føresette skal sørge for at borna får naudsynt tannlege og helsekontroll årleg, og for oppfølging av borna dersom det må leggjast inn på sjukehus.

Føresette har ansvar for at borna har det ho eller han treng av klede, sko, sportsutstyr, leiker og anna personleg utstyr til rommet. Alle personlege eidedelar skal vera merka med namn.

Føresette har og ansvar for at borna har naudsynte hjelpemiddel som for eksempel reseptar, bleier, toalettsaker og medisinsk forbruksmateriell.

Føresette skal delta på ansvarsgruppemøter og eventuelle andre møter kring borna

Føresette har ansvar for ulike søknadar som gjeld borna.

Heimreiser

For å ta i vare omsorgsansvaret og bornas kontakt med familien fortsettes det at born som har heilårs avlastning besøker forelda sine regelmessig.

Foreldresamvær skal avtalast skriftleg mellom avlastning og heim i kvart einskilde høve.

Av omsyn til ferieavvikling for personalet på avlastningssenteret, må avtale om tid for heimreise avtalast i god tid og seinast seks veker før heimreise.

Dersom det oppstår behov for endring av transport mellom heimen og avlastningen, må føresette ta ansvar for dette.

Bruk avlastningsleilegheit

Føresette har til ei kvar tid tilgang til borna sin bustad, og kan når som helst kontakta personalet for tilgang.

Dersom eit born kjem til avlastningen etter klokken 21, skal føresette sjølv sørge for at borna blir stelt og lagt.